



## LANDSMØTEHEFTE 3 - IKFF LANDSMØTE 2024

### Innhold:

Sluttrapport fra Prosjekt rekruttering	s. 2
Forslag til vedtektsendringer	s.11
Uttalelser	s.15
Landsstyrets innstillinger til vedtak	s.19
Innstilling fra valgkomiteen	s.21

### Sluttrapport frå Prosjekt Rekruttering (2021-2024)

« Hvis vi derimot kommer til den overbevisning at krig har sin rot i forhold som det staar i menneskelig magt at forandre, da hviler ogsaa paa hver enkelt av os som tror det, pligten til at motarbeide den statsmoral som nu gjør vaabnene til den øverste dommer i nationernes forhold til hverandre.»

Kvindenes Internationale kongres i Haag 28.04-01.5. 1915



1. Medlemsutvikling og medlemspleie i IKFF 2021-2024 .....s.2
2. Arbeid med rekruttering i avdelingane.....s.4
3. Tiltak for å nå ungdom/unge vaksne..... s.5
4. Studiearbeid.....s.6
5. Arbeid for å bli ein landsdekkande organisasjon.....s.8
6. Korleis fylgje opp arbeidet i prosjektet..... s 10

**Starten:** Landsstyret i IKFF vedtok 12.august 2020 å setje ned ei arbeidsgruppe (Eli Hammer Eide, Marianne Sælen, Lispet Kristiansen, Hilde Solberg, Audgunn Oltedal) som skulle kome med forslag til arbeid med rekruttering. **Prioriterte område:** Rapporten som gruppa la fram på landsmøtet i IKFF våren 2021, gjekk inn for å prioritere fire område: *Arbeid med rekruttering i avdelingane. Arbeid for å bli ein landsdekkande organisasjon. Tiltak for å nå ungdom/unge vaksne.*

**Studiearbeid.**

**Treåring rekrutteringsprosjekt:** Landsmøtet i IKFF 2021 vedtok eit treårig prosjekt for rekruttering (Prosjekt Rekruttering), og bad gruppa som hadde laga rapporten om å gå i gang med dette arbeidet. I løpet av treårsperioden har Marianne Sælen og Lispet Kristiansen gått ut av prosjektgruppa og Inger Karin Røe Ødegård har kome inn. I siste del av prosjektperioden har medlemmene i prosjektgruppa vore Eli Hammer Eide, Hilde Solberg, Inger Karin Røe Ødegård og Audgunn Oltedal. **Denne sluttrapporten** frå Prosjekt Rekruttering (2021-2024) blir lagt fram på IKFF sitt landsmøte i Sandnes 12-14.04. 2024

## Medlemsutvikling og medlemspleie i IKFF 2021-2024

Da Prosjekt Rekruttering startet i 2021 var medlemstallet i IKFF 313, fordelt på 5 avdelinger; Bergen, Innlandet, Oslo/Viken, Sandnes, Stavanger, og noen 20 talls medlemmer i nord og sør som ikke var knyttet til avdeling.

Medlemsutvikling har i årenes løp vært drøftet i organisasjonen, der ulike tiltak er blitt foreslått og satt i gang i avdelingene. Eksempel er en fadderordning, der en avdeling inviterer til samarbeid i et fylke der det er IKFF medlemmer, men for få aktive til å få til grupper.

Støtte til studiearbeid, tilbud om utstillinger, foredrag, utadrettete aktiviteter, ofte i samarbeid med andre organisasjoner og institusjoner, har gitt synlige resultater i organisasjonen.

Prosjekt Rekruttering har erfart at det er mulig å synliggjøre IKFF, få til samarbeid og aktivitet både nord og sør i landet, og endatil få i stand ny avdeling. På IKFFs Landsmøte 2023 ble avdeling Trondheim formelt etablert!

Medlemmer gir oss fra tid til annen beskjed at de enten pga. helseutfordringer eller det å følge med på digital og nettbasert informasjon, blir for vanskelig, bl.a det å lese medlemsbladet på nett. For å imøtekomme noe av dette, får medlemmer som ønsker det, tilsendt papirutgaven av Fred og Frihet, noe også medlemmer uten epost får.

Gjennomsnittsalderen på IKFFs medlemmer er det ikke regnet på, men ut fra det kjennskap vi har til medlemmene i avdelingene, er den nok høy.

Å få med yngre medlemmer er et eget satsingsområde i IKFF. Vi ser tendens til at flere unge voksne viser interesse for organisasjonens arbeid og tegner medlemskap, noen få blir aktive.

### Medlemsutviklingen de tre siste årene:

Pr.31.12.21 313 medlemmer, 47 nye medlemmer

Pr.31.12.22 371 medlemmer 83 nye medlemmer

Pr 28.1.24 438 medlemmer 98 nye medlemmer

Oversikten i perioden viser god medlemsutvikling i organisasjonen, med 228 nye medlemmer, mens 125 medlemmer har falt fra, meldt seg ut eller blitt strøket pga. manglende kontingentbetaling.

### **Alle avdelingene i IKFF har fått nye medlemmer.**

Oslo/Viken og Bergen er de to avdelingene med flest medlemmer, og i hht siste medlemsregistrering, også de to avdelingene som har flest nye medlemmer. Avdelingene Stavanger og Trondheim har nå doblet medlemstallet i perioden. I fylkene; Agder, Telemark, Vestfold, Nordland, Troms/Finmark og Møre og Romsdal er det 26 nye medlemmer, totalt 56 medlemmer, der Agder har økt medlemstallet med flest nye medlemmer, mens Troms/Finmark har totalt flest Ikff medlemmer.

### **Rutiner for medlemsregistrering og medlemspleie**

Medlemsregistrering og medlemspleie omfatter føring og oppdatering av medlemsregisteret, med navn adresse, epost, ev. tlf.nr, måned og år for innmeldingen, samt føring av kontingentbetalinger. Alle innmeldinger registreres i det sentrale medlemsregisteret. Det sendes svarbrev på epost med opplysninger om kontaktperson for den avdelingen medlemmet vil bli knyttet til.

### **Velkomstpakke**

Til nye medlemmer sendes en velkomstpakke pr post vedlagt brev med opplysninger og kort om Wilpf/ Ikff, brosjyrer, annet aktuelt stoff, uttalelser o.a. Medlemmer uten epost får opplysningene på SMS eller pr brev.

Avdelingene oppdaterer sine medlemmer om aktuelle aktiviteter i lokallaget og har ansvar for å sende påminnelser om utestående kontingentbetaling.

Registerfører lager medlemsoversikter i juli og november og purrer utestående kontingent fra medlemmer som ikke er tilknyttet avdeling.

### **Viktig oppgave**

IKFF mottar midler fra Barne - og likestillingsdepartementet (BLD) med den forutsetning at medlemsregistrering er i samsvar med krav i regelverket, med nøyaktig og effektiv føring av medlemsregister. Registreringsarbeid og god medlemspleie er en viktig oppgave for hele organisasjonen og for den enkelte avdeling.

### **Arbeid med rekruttering i avdelingane.**

*Fem nye medlemmer i kvar avdeling.*

Denne målsetjinga vedtok landsmøtet i IKFF for arbeidet med rekruttering i 2021. Eit mål om 5 nye medlemmer i kvar avdeling kvart år, har vore ei målsetjing i arbeidsplanen dei tre åra prosjektet har vore i arbeid.

I 2021 bad prosjektgruppa avdelingane svare på korleis dei ville jobbe med rekruttering i sitt ordinære arbeid, og vi bad dei seinare same år avdelingane melde attende om kva erfaringar dei hadde hausta. Mellom dei tilbakemeldingar vi fekk, var at somme avdelingar hadde bestemt at dei skulle ha spørsmål om rekruttering som eit fast punkt på dagsorden i styremøta. Dei to siste åra (22-23/ 23-24) har rekrutteringsprosjektet ikkje tatt direkte kontakt til avdelingane med spørsmål om korleis ulike avdelingar jobbar med rekruttering.

### **Passive og aktive**

Vi veit at somme av dei som melder seg inn ynskjer å vere passive medlemmer, og det er heilt greit. Passive medlemmer er høgst velkomne, det er eit viktig steg å bestemme seg for å melde seg inn i IKFF.

Men mellom dei som melder seg inn, er det og mange som ynskjer å vere aktive. Vi veit lite m.a. om korleis kontakt til nye medlemmer blir ivaretatt i organisasjonen.

Nokre avdelingar har erfaring med å tilby studiearbeid til nye medlemmer, og gjennom det bli betre kjent, dele kunnskap om IKFF og invitere til aktivitetar og organisasjonsarbeid.

### **Lange avstandar**

Styrearbeid og aktivitetar i avdelingane foregår i hovudsak i byane. Med lange avstandar kan det vere vanskeleg for medlemmer som bur i distrikta å få ta aktivt del i det som skjer i deira avdeling. Nokre avdelingar legg til rette for møter på nett og held kontakt på den måten. Det er eit inntrykk at avdelingane tar godt imot nye medlemmer, med informasjon om styret sitt, planlagte aktivitetar gjennom året, og invitasjon til medlemsmøter. Nokre avdelingar/fylker dekker store geografiske område, der det er lange reiser for å kunne vere aktivt med eller delta på arrangement i byane. At det er slik er ei utfordring både for avdelingane og organisasjonen.

### **Konklusjonar:**

Jobbing med rekruttering er ein viktig del av arbeidet i avdelingane, og det er behov for å utveksle erfaringar mellom avdelingane på fleire område

- om rekruttering
- opplegg/rutiner for kontakt med nye medlemmer, og med medlemmer som bur langt frå den staden styret i avdelinga held til
- kva ein tilbyr/har av materiell og midler når det gjeld tilbod om å delta i opplegg/ aktivtetar
- samarbeid med andre organisasjonar

## **Tiltak for å nå ungdom/unge vaksne**

Det første området rekrutteringsgruppa gjekk inn i var ‘Tiltak for å nå ungdom/unge vaksne’. Med på zoom-konferansen 27.10.21 var Torhild Hellstrøm og Audgunn Oltedal (IKFF Oslo-Viken), Torill Heilevang og Eli Hammer Eide (IKFF Innlandet), Hilde Solberg (IKFF Stavanger), Marianne Sælen (IKFF Bergen), Ingegerd Austbø, Tale Marie Simonsen, Edda Wangsholm (IKFF Sandnes).

Møtet la vekt på utveksling av erfaringar/planar: Torill Hellstrøm fortalde om ‘Nesoddenpiloten’, om planar for å ha timar/opplegg i vgs, og planar for å arbeide fram ein mal/opplegg for å ha møte/arrangement i lag med ungdomsorganisasjonar (m.a.Natur og ungdom). Bergen har god erfaring med å bruke film i kontakten med skuleungdommar i vgs. Marianne Sælen fortalde om dette, og om kontakt dei no tek med vidaregåande skolar. Eli informerte om bruk av forteljarteater i vgs på Hamar, og også om korleis fotoutstilling om flyktingars situasjon som IKFF fekk fram,vart brukt av lærarar/elear i ungdomsskulen. Tale fortalde om møte i Sandnes med ungdommar. IKFF møtte dei i ungdomsklubben, fortalde om kva IKFF er og vil, og fekk god kontakt og samtale. Vi kan ha møte med ulike typar ungdomsorganisasjonar, f.eks Ungdommens Røde Kors.Vi kan ta kontakt med ungdommens bystyre. Oppsummert vektla dette møtet tre tiltak/måtar å jobbe på:

- a) Å gå inn i vgs og ha timar/opplegg.
- b) Ha møte/opplegg saman med ungdomsmiljø/ungdomsorganisasjonar (m.a. Natur og Ungdom/politiske ungdomsorganisasjon mv)
- c) Opplegg overfor universitet og høgskolar/unge vaksne.

### **Erfaringar:**

Fleire stader der utstillinga Fredspropaganda er blitt vist (frå 2022), m.a. i Stavanger, Bergen, Trondheim, Hamar, har besøk i skulen vore ein viktig del av opplegget,- mest besøk til vgs, men og ungdomsskulen og studiestader.

I Tromsø var det i samband med Fredsuka 2023 opplegg for timar i vgs.

Å ha timar i vgs er lettare å få til om det er ein del av eit større opplegg, som del av fredsuke/fredsdagar, opning av utstilling. For t.d. å be om å få ha timar i vgs, er det viktig å ha med seg tilrettelagt materiale for denne gruppa.

Opplegg overfor skular /universitet krev langsiktig planlegging.

Prosjektet har arbeidd med spørsmålet om å få til eit eige ungdomsarbeid i IKFF, t.d. Young WILPF.

Kontakt er tatt m.a til Sverige som har IKFF - arbeid ved universitet.

### **Konklusjonar :**

Oppsummeringa frå det første zoom møtet 27.10.21 om 'tiltak for å nå ungdom/unge vaksne' står ved lag og er sentral for IKFF's vidare jobbing på dette området:

- Ha timar/opplegg for undervisning i vgs.
- Ha møte/opplegg saman med ungdomsmiljø/ungdomsorganisasjonar.
- Ha opplegg overfor universitet og høgskeolar/unge vaksne.
- I tillegg står ambisjonen om å få til eit eige IKFF arbeid blant ungdom, fortsatt ved lag.

## **Studiearbeid**

Studiearbeid handlar om å skaffe seg kunnskap. Kunnskap er viktig for å få til politisk endring på dei områda IKFF arbeider med.

Vi konstaterte tidleg at prosjektgruppa ikkje hadde kapasitet til å gå laus på det viktige feltet studiearbeid. I november 2021 sa Inger Karin Røe Ødegård ja til vere med i prosjektgruppa og utarbeide forslag til korleis IKFF kan jobbe med dette området. Ein rammeplan for studiearbeid i IKFF vart vedtatt 8.februar 2022 i landsstyret. Den ligg til grunn for arbeidet.

### **Erfaringar:**

I 2021/2022 gjorde vi eit forarbeid for å få til studieopplegg om 'Bli kjent med IKFF', der Ingrid Eide, Mari Holmboe Ruge og Eva Fidjestøl skulle medverke. Dette er ikkje blitt realisert. På IKFF sin inspirasjonskonferansen på Hardangerakademiet våren 2022 heldt Åse Berg eit foredrag om IKFF sitt arbeid mot atomkraft. Etter foredraget vart det vist ein film der Eva Fidjestøl vart intervjuet om same tema. Med bakgrunn i foredraget og filmen vart det gjennomført ein work shop med bruk av «Kafémetoden» som eksempel på korleis studiearbeid kan gjennomførast. Tema for work-shopen var: *Hvorfor nei til både atomkraft og atomvåpen?* Åse Berg og Eva Fidjestøl har seinare utarbeidd eit studieopplegg om atomkraft som våren 2024 blir utprøvd i IKFF Innlandet.

Landsstyret sette i 2023 ned ei eiga gruppe (Inger Røe Ødegård, Berit Rusten og Gro Standnes) som fekk i oppgåve å koordinere og motivere for studiarbeid i organisasjonen. Koordineringa skulle handle om å systematisere eksisterande opplegg og samordne studiarbeid som blir gjennomført i avdelingane, og som dei skulle rapportere inn til gruppa.

Det er så langt ikke rapportert inn nokon aktivitet frå avdelingane.

Gruppa ønska å arrangere ein motivasjonskonferanse om korleis avdelingar kan jobbe med feltet studiarbeid, men organisasjonen fann at det pga tid og økonomi var for krevande å ha ein eigen landskonferanse dette. Ein forkorta versjon blir gjennomført på landsmøte 2024.

### **Konklusjonar:**

Det er behov for å

- utveksle erfaringar om korleis ulike avdelingar jobbar med studiarbeid.
- finne gode rutiner for kontakt mellom avdelingar og gruppa sentralt i IKFF som jobbar med studiarbeid. Denne gruppa har som oppgåve å tilrettelegge for studiarbeid ved å koordinere og informere om det som blir gjennomført i avdelingane.
- finne ut kva avdelingane sjølv ønsker å prioritere innan studiarbeid, og kva slags typar studiarbeid dei vil bruke (studiesirklar, kurs, temamøter, e.l.)

### **Arbeid for å bli ein landsdekkande organisasjon.**

Organisering er nødvendig for å få fram det IKFF vil og står for. Organisering er viktig for å få breidde i fredsarbeidet. Organisering er viktig for å få til samarbeid med andre organisasjonar om fredskultur og nedrustning.

Tidlegare i IKFF si historie i Noreg var det IKFF-avdelingar i større deler av landet enn i dag,- m.a. i Troms, Agder og Østfold.

Då vi starta prosjektet i 2021, var det ikkje organisert IKFF-arbeid nord for fylka Innlandet og Vestland, og ikkje i fylka i sør (Agder, Telemark, Vestfold).

### **Status:**

- ✓ I 2022 vart det starta eiga IKFF-avdeling i Trøndelag.

- ✓ I Tromsø møttest IKFF-medlemmer for å informere og oppdatere kvarandre, IKFF medlemmer i Troms er sentrale i Fredsuka (21.09-26.09) og i markering av Yemanedagen i Tromsø.
- ✓ I Nordland har IKFF sentralt og IKFF-medlemmer i Nordland tatt initiativ til markering av Fredsdager i Bodø 26-28 april i år.
- ✓ I Telemark og i Agder er initiativ i gang for å få til organisert IKFF arbeid.

### **Erfaringar:**

**Trøndelag:** IKFF Innlandet fekk ansvar for kontakt med IKFF medlemmer i Trøndelag. Ei studiegruppe i Trøndelag kom i gang. Våren 2022 vart det etablert ei eiga IKFF-avdeling i Trondheim med Berit Rusten som leiar.

**IKFF Sør:** IKFF si deltaking på Arendalsuka august 2021 og 2023 gav oss kontaktar som har resultert i at utstillinga *Fredspropaganda* er blitt vist på Notodden (september 2023), i Grimstad (februar 2024) og i Kristiansand (mars 2024). I samband med utstillinga har det vore opne møte, med vekt på samarbeid med andre organisasjonar. I Grimstad bibliotek var det møte 0302 om *Fredsarbeid i Sør, - hva skjer, hva er viktig?* I 1948 fikk Kvinneligaen avdeling i Grimstad, tidlig på 1990 talet vart den nedlagt. *Hva ville kvinnene og hva gjorde de?* Historiker Gaute Molaug, Kuben, fortalte om kva han fann i arkiva om kvinneligaen i Grimstad. Møtet var eit samarbeid mellom IKFF og Fredslaget Sør. I mars (16.03) var det møte på hovudbiblioteket i Kristiansand om «*Hvordan bidra i fredsarbeid?*», - samarbeid mellom IKFF og Antikrigsinitiativet. Alle tre stader -Notodden, Grimstad, Kristiansand- har Hilde Solberg hatt foredrag på opningsarrangementet om utstillinga.

**IKFF i Nord. Tromsø.** I september 2022, knytta til FN's merkedagar 21.09 og 26.09 vart arrangementet *Tromsø mot atomvåpen* gjennomført. IKFF, Nei til atomvåpen, ICAN på landsplan var sentrale i komiteen sammen med Nei til atomdrevne militærfartøy i Tromsø og stiftinga Peacepainting.

Året etter, i 2023 vart Fredsuka i Tromsø gjennomført (21.09 og 26.september) av lokal komite, med økonomisk støtte m.a. frå IKFF sentralt. Dette var målsetjinga for veka: *'Fredsukas formål er å bidra til økt kunnskap og engasjement i atomvåpensaken, med et fokus på nordområdene og avspenningspolitikk i nord'*. Tromsø er Cities Appealkommune, og i fredsuka var det m.a. *'Kveldsseminar om NORGE OG ATOMVÅPENMAKTENE. Om vidare arbeid nasjonalt og lokalt for atomvåpennedrustning og oppfølging av Kommunestyrets vedtak i 2019 om støtte til FNs atomvåpenforbud.* Fredsuka i Tromsø er basert på eit tverrpolitisk samarbeid støtta av 20 organisasjonar: Besteforeldrenes klimaaksjon, Changemaker, FN-sambandet, Fritt ord, Grønn



ungdom, IKFF, Internasjonalt seminar, Natur og ungdom, Nei til atomdrevne militærfartøy i Tromsø, Nei til atomvåpen, Norske leger mot atomvåpen, Redd barna, Rødt, Rød ungdom, Senterungdommen i Tromsø, Tromsø AP, Tromsø AUF, Tromsø, MDG, Tromsø SV, Tromsø SU.

### **IKFF Nord. Nordland**

Det har vore fleire zoom-møte med IKFF-medlemmer i Nordland (april 2022 og 2023).

IKFF sentralt - i samarbeid med IKFF-medlemmer i Nordland- har tatt initiativ til Fredsdagar i Stormen bibliotek i Bodø (26-27 april 2024). Det er eit samarbeid mellom IKFF og stiftinga Peacepainting. Utstillinga *Fredspropaganda* blir opna og Peacepainting har verkstad for barn/ungdom og stiller ut det dei lagar. Det blir frukost laurdag der ulike organisasjonar blir invitert og seinare på dagen ope møte i Stormen med bla. foredrag av *Ove Daniel Jakobsen*, professor ved Nord universitet om *Johan Galtungs fredsøkonomi i perspektiv*. IKFF-medlemmer i IKFF i Nordland arbeider med forslag om fredsmarsj i Bodø i samband med at Bodø i 2024 er europeisk kulturhovudstad.

### **Konklusjonar:**

- ✓ Viktig å bruke merkedagar, og jobbe for breidde i kven som er med og arrangerer.
- ✓ Vi har vektlagt perioden 21.09 (FN's fredsdag) til 26.09 (Internasjonal dag for total avskaffing av atomvåpen).
- ✓ Vi er opptatt av å få til årlege fredsdagar/fredsveke.
- ✓ Viktig å finne ut om byen/kommunen er Cities Appeal-kommune og ta kontakt med dei som har initiert Cities Appeal forslaget i kommunestyret.
- ✓ Viktig med god marknadsføring og annonsering av arrangementet.
- ✓ Viktig å bruke tilbod om studiarbeid i rekrutteringsjobbinga.
- ✓ Utstillinga *Fredspropaganda* fungerer godt som forum for å skape interesse for IKFF,- viktig å få etablert en komite lokalt som er med og planlegg og tek ansvar for opplegg i samband med utstillinga.

### **Korleis fylgje opp arbeidet i prosjektet?**

Vi foreslår for Landsmøtet i Sandnes 12-14.04.24 at arbeidet i Prosjekt Rekruttering skal halde fram eit år til, frå 2024 til 2025. Det inneber at medlemmene i utvalet, Audgunn Oltedal, Inger Karin Røe Ødegård, Eli Hammer Eide og Hilde Solberg held fram i prosjektet dette året. Vi foreslår at Prosjekt Rekruttering innan utgangen av mars 2025 leverer inn rapport til landsstyret for arbeidet i året 2024-25, og forslag til korleis studiarbeid og rekruttering kan organiserast i IKFF.

Desse områda vil vere sentrale i arbeidet i Prosjekt Rekruttering i 2024-2025:

### **Eige IKFF arbeid blant ungdom**

Samle dei erfaringar vi har fått, m.a. om opplegg/møte saman med ungdomsorganisasjonar. Jobbe for å få til eige IKFF arbeid blant ungdom.

### **Korleis heng studiarbeid og rekruttering i hop?**

Våren 2024 prøver IKFF Innlandet ut eit studietilbod om atomkraft/kjernekraft. Fysiker Eva Fidjestøl og dr.ing. Åse Juveli Berg har laga «IKFFs studieopplegg om atomkraft/kjernekraft – 2024» Kurset går over 6 kveldar fordelt over 3 veker og er tilbod til til IKFF medlemmer og andre interesserte.

Vi vil bruke året 2024-2025 til å prøve ut ulike måtar å bruke studiarbeid på, og arbeide fram tydelege tilbod til organisasjonen, både til avdelingar og til område i landet der vi ikkje har organisert arbeid, men vonar å få det.

### **Bli ein landsdekkande organisasjon.**

Områda er ulike, dei IKFF-folka vi har kontakt med har forskjellige ynskje og ambisjonar. Her er ikkje *ei* oppskrift eller *ein mal*. Vi ynskjer å fortsetje prosessen vi er i gang med, - og sjå om det er råd å få til organisert IKFF-arbeid i Nord og i Sør.

Vi ynskjer betre kontakt med IKFF-medlemmer i andre deler landet der det ikkje er IKFF avdeling, - det gjeld fylka Møre og Romsdal, Østfold og Buskerud.

### **God kontakt med medlemmer**

Korleis tek ulike avdelingar mot nye medlemmer? Korleis blir medlemmers kunnskapar og interesser brukt? Vi ynskjer å samle erfaringar og gje innspel til korleis IKFF kan bli god på kontakt med medlemmer og på arbeidet med nyrekruttering.

### **Eit eller to utval?**

Studiarbeid og rekruttering er to viktige deler av IKFF sitt arbeid. Når Prosjekt Rekruttering blir avvikla neste vår (2025), korleis skal studiarbeid og arbeid med rekruttering og ivaretakast i IKFF? Skal organisasjonen ha eit utval for rekruttering og eit utval for studiarbeid, eller skal det vere eitt utval som ivaretek begge desse oppgåvene?

Dette er mellom dei spørsmål som skal avklarast i komande år (2024-2025).

For Prosjekt Rekruttering

Eli Hammer Eide, Inger Karin Røe Ødegård, Hilde Solberg, Audgunn Oltedal

20.03.24

## Forslag til vedtak på landsmøtet frå Prosjekt Rekruttering:

Landsmøtet i Sandnes 12-14.04 vedtek å prolongere arbeidet i Prosjekt Rekruttering i eit år, frå 2024 til 2025. Innan utgangen av mars 2025 leverer Prosjekt Rekruttering inn rapport til landsstyret for arbeidet i året 2024-25, og forslag til korleis studiearbeid og rekruttering kan organiserast i IKFF.

For Prosjekt Rekruttering  
Audgunn Oltedal

---

## Vedtekter for Internasjonal Kvinneliga for Fred og Frihet (IKFF/WILPF) (vedtatt på landsmøtet 3.april 2022)

### Endringsforslag 2024

#### § 1. Navn

WILPF Norge er den norske seksjonen av Women International League for Peace and Freedom (WILPF). I dagligtale betegnes organisasjonen IKFF – Internasjonal kvinneliga for fred og frihet.

#### § 2. Formål og prinsipper

IKFF er en feministisk organisasjon som skal samle kvinner i Norge med ulike politiske og ideologiske oppfatninger for å arbeide med, og bidra til å avskaffe politiske, sosiale, økonomiske og psykologiske årsaker til krig. IKFF skal arbeide for en rettferdig fred i et økologisk bærekraftig samfunn.

IKFFs hovedmål er

- å fremme varig, rettferdig og bærekraftig fred
- å forhindre krig
- å få erstattet vold med ikkevold og dialog i alle konflikter
- **å arbeide for kvinners rettigheter og frihet**
- å få styrket FNs organer
- å skape økt respekt for folkerettslige institusjoner
- å komme fram til en internasjonal økonomisk orden basert på alle folks behov, ikke på profitt og privilegier. IKFF mener at disse målene bare kan oppnås i samfunn som ikke driver undertrykking og terror. IKFFs oppgave er derfor å bidra til sosial endring som fører til samfunnsformer der sosial, økonomisk og politisk likeverd for alle er sikret, uten diskriminering på basis av kjønn, etnisk bakgrunn, religion eller andre diskriminerende forhold. Arbeidet i alle seksjoner av WILPF er basert på disse mål og prinsipper, og på vedtak av WILPFs kongress og internasjonale hovedstyre.

#### § 3. Medlemskap

Enhver kvinne som er enig i IKFFs formål kan bli medlem med fulle rettigheter. Ungdom under 18 år og menn kan være støttemedlemmer.

#### § 4. Oppbygging

IKFF er den norske seksjonen av WILPF. IKFF kan ha avdelinger i hele landet med minst 5 medlemmer. Etablering av avdeling skal godkjennes av landsstyret. På steder uten avdeling er medlemmene direkte tilsluttet IKFF nasjonalt.

#### § 5. Landsstyret

IKFF ledes av et landsstyre bestående av leder og 1 fast representant og 1 inntil 2 vararepresentanter fra hver avdeling. **Alle unntatt leder, er innstilt av avdelingene. Valgkomiteen skal ha avtalt med kandidater til ledervervet før landsmøte går til valg av leder. Avdeling Oslo/Viken har to styrerepresentanter og to vara, gitt stor mengde arbeidsoppgaver og nasjonalt ansvar.** Vararepresentantene har **tale- og møterett** på alle landsstyremøter. I tillegg kan landsstyret ha inntil 3 faste medlemmer **og tre vararepresentanter.**

Landsstyret ledes av en ledergruppe/AU bestående av **3-4 medlemmer, inkl. leder, nestleder, og økonomiansvarlig. Valgkomiteen skal ha avtalt med kandidater til disse rollene** før landsmøte går til valg.

Landsstyret **oppnevner kommunikasjonsansvarlig og** redaktør for medlemsbladet Fred og Frihet. Redaksjonen i **Fred og Frihet** settes i ettetid sammen av valgt redaktør.

Faste medlemmer og varamedlemmer i **landsstyret** velges for 2 år om gangen med adgang til gjenvalg.

Leder velges for 2 år om gangen med adgang til gjenvalg. Øvrige medlemmer i ledergruppen velges for 2 år om gangen med adgang til gjenvalg.

Landsstyret er vedtaksført når minst 2/3 deler av styremedlemmene er til stede.

Medlemmer utenom landsstyret som har definerte oppgaver for organisasjonen, innkalles til møter når deres arbeidsoppgave er på dagsorden. Disse har ikke stemmerett.

Senatsmedlemmer har møterett uten stemmerett i landsstyret.

#### § 6. Arbeid i paraplyorganisasjoner

IKFF er representert i flere organisasjoner hvor det betales medlemskontingent. Landsstyret velger representanter til organisasjonene internt blant styremedlemmer, eller blant medlemmene generelt. Landsstyret utarbeider mandat for representasjon og regler for rapportering, og holder representantene orientert om landsstyrets vedtak.

#### § 7. Internasjonalt arbeid

Landsstyret er bindeledd mellom IKFF og WILPF sentralt, og med europeiske og nordiske seksjoner. Landsstyret oppnevner representanter i et internasjonalt utvalg som ledes av et medlem i landsstyret som har møterett i ledergruppen. **Landsstyret oppnevner et medlem med vara til WILPF Advisory Board.**

#### § 8. Landsmøtet

Landsmøte holdes annet **hvert år** innen utgangen av april og kunngjøres senest to måneder på forhånd. Hver avdeling er representert med en delegat med stemmerett for hvert sjettede medlem i avdelingen, opp til 10 delegater. **Landsstyret oppnevner kontaktpersoner** som er medlem på steder uten avdeling, og som kan møte på landsmøtet som delegat med stemmerett. Medlemmer av landsstyret har stemmerett, selv om de ikke er delegater fra sin avdeling. Alle medlemmer kan delta på landsmøtet som

observatører med tale- og forslagsrett. Forslag til landsmøtet må sendes inn 6 uker på forhånd. Alle medlemmer kan fremme forslag til behandling på landsmøtet. Landsmøtet behandler

- Årsberetning og reviderte regnskaper fra landsstyret
- Årsberetninger fra avdelingene
- Innkomne forslag, eventuelt også forslag fremsatt under selve møtet
- Arbeidsprogram for neste landsmøteperiode.
- Valg av leder
- Velg av landsstyremedlemmer og varamedlemmer valg av ledergruppe.
- Valg av revisor **for neste landsmøteperiode**
- Valg av valgkomité til neste landsmøte
- Oppnevning av senatsmedlemmer etter forslag fra avdelingene
- Fastsetting av medlemskontingent

#### § 9. Hastebehandling av saker som hører under landsmøtet

Ekstraordinært landsmøte kan kalles sammen når enten landsstyret, eller et flertall av styrene for avdelingene ønsker det. Hvis saker som hører under landsmøtet må avgjøres før dette kan holdes, avgjøres de av landsstyret etter uttalelse fra avdelingene. Sakene refereres for første landsmøte.

#### § 10. Avdelingene

